



Manger grunneigarlag

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/116 - 15/1912

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

17.02.2015

Referat frå møte med lag og organisasjonar 9. februar

Kring 25 lag var representerte på møtet. Frå administrasjonen stilte leiar for kultur- og sørvistorget Lin Tove Thomassen, rådgjevar kultur Bente K. Kervik og ungdomskoordinator Katarina Birkeland.

1. Registrering av lag og organisasjonar på nettsidene og bruk av kulturkalenderen

Kommunen oppmodar lag og organisasjonar om å registrera laget på nettsidene og bruka kulturkalenderen. Dei laga som er registrerte, kan publisera arrangement til kulturkalenderen utan førehandsgodkjenning. Brukar alle kalenderen kan me unngå kollisjonar av større arrangement. Brukarretteleing ligg ved.

2. Friluftslivets år

Det er politisk og administrative ønskje om at Friluftslivets år skal vere satsingsområde for kommunen i 2015. Det er etabelert ei arbeidsgruppe med Bente Hervik, Kjartan Medaas og Gro Håland, og ei referansegruppe bestående av frå idrettsrådet, eldrerådet, ungdomsrådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Barnas turlag

Gruppa skal:

- Gjennomføra tiltak som synleggjer Radøy som friluftskommune
- Bidra til aktivitet og auka deltaking i friluftsliv med særleg vekt på born, unge og barnefamliar.
- støtta opp om og initiera varige tiltak som gjer Radøy til ein endå betre kommune å driva friluftsliv i
- Løfta fram kulturminne som opplevingsverdi

Planar:

- Skilting og tilrettelegging av turstiar i samarbeid med lag og organisasjonar.
- Sommarcamp for born og ungdommar
- Turar med lokale guidar
- Turar i regi av Barnas turlag
- Pilgrimsvandring
- Padletur Radøy på langs
- Rotur Radøy rundt
- Kulturminneturar
- Skageneset

- Turvegprosjekt
- Marknadsføring av turar i ut.no, på nettsider og evt turkort
- Finn fram-dagen
- Fokus på friluftsliv i skular og barnehagar

Midlar til skilting

Det vart gjort eit politisk vedtak på å setje av midlar til turstiar. Det er laga retningslinjer til bruk av investeringsmidlar. Desse ligg ved brevet.

Midlar til turveg

Poltikarane vedtok å setje av 1 million som skal nyttast til å laga turveg i 2014. Helst ei universelt utforma med veglys. Det er eit ønske om å laga ei løype etter Brekkeløypemodellen i Knarvik. Ulike alternativ er heldt på å bli skisserte. Kom gjerne med innspel.

Skageneset

Bergen og omland friluftsråd si satsing i Skageneset. BOF satsar stort i Skageneset. Dei ønskjer å etablere ei venneforeining og inviterer interesserte til å vere med.

Innspel frå salen i samband med friluftslivets år:

Når folk ferdast i naturen er det viktig å ta omsyn til hekketid og yngletid. Pass på slik at reir/hi, egg ikkje vert forstyrra.

Haster det med å sende inn tiltak/arrangement til friluftslivets år? Det hastar ikkje, marknadsføringa vil skje undervegs.

Turar med lokale guider. Det hadde vore fint å fått ei liste med turar og tema, slik at folk kan spele inn forslag til nye ruter, tilby guiding og samtidig sjå kva som vert ivareteke.

3. Kulturmidlar

Radøy kommune skal laga nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar og ønska innspel frå dei frammøtte til ulike punkt. Desse spørsmåla vart diskutert i grupper:

- Kva bør vera målet med kulturmidlane?
- Er det særskilde grupper som bør prioriterast?
- Kva bør vektleggjast i vurderinga?
- Bør det liggja til grunn ein fast fordelingsnøkkel i samband med driftsmidlar?
- Kva fristar bør me ha?

Midlar sett av til diverse i 2015:

- Idrettsbaner: 300 000
- Kulturmidlar (driftstilskot): 375 000
- Tilskot barn og unge: 30 000
- Tilskot diverse: 30 000
- Manger musikklag: 50 000

Kort tilbakemelding frå laga etter gruppearbeidet:

Overordna:

- Idrettsrådet opplever at det er lite pengar sett av til kultur og eit viktig spørsmål er korleis vi kan få auka budsjettet.
- Tidlegare år låg det inne midlar til leiaropplæring. Denne posten vart fjerna frå budsjettet i 2007. Det var eit ønske frå fleire om å få tilbake desse midlane i budsjettet.
- Uavhengig av type lag burde kommune brukt midlar til fellesopplæring av styrer og utvikling av leiarar.
- Halleiga i Radøyhallen fører til at laga betaler meir i leige enn dei får i kulturmidlar. Det må vere mogleg å gje gratis tilgang til Radøyhallen for eigne lag når alle dei andre offentlege bygga er gratis for laga.

Kva bør vera målet med kulturmidlane?

- Tilskotet skal generere aktivitet. Det bør leggjast fram ein aktivitetsplan og vi bør kunna sjå at pengane gror.
- Midlane må vera ei økonomisk oppmuntring og styrka opp under mangfaldet.
- Det må vera tydeleg kva kommunen ønskjer å få ut av pengane og dei skal koma innbyggjarane til gode. Dei som søker må visa i søknaden kvifor deira søknad bør prioriterast.

Er det særskilte grupper som bør prioriterast?

- Barn og unge bør prioriterast.
- Barn og unge i forhold til aktivitet.
- Nye lag og organisasjonar bør prioriterast i oppstartsfase.
- Grendalag bør ha ei ordning utanom driftsmidlar.
- Vi må ikkje ekskludere tilbud. Spesielle kulturinstitusjonar må også ivaretakast.
- Dei som skapar aktivitet.
- Det er gitt statlege føringar, desse har born og unge som satsingsområde og det bør difor prioriterast.

Kva bør vektleggjast i vurderinga?

- Aktivitetsnivå i laget. Årsplan bør tydeleggjere kva som har vore av aktivitetar og gjerne planar for neste år.
- Budsjett, og gjerne ei begrensing på at kulturmidlar skal dekke maks 50 % av utgiftene.
- Medlemstal.
- Det skal ikkje løna seg å driva dyre aktivitetar når det gjeld tildeling av midlar.

Bør det liggja til grunn ein fast fordelingsnøkkel i samband med driftsmidlar?

Fordelingsnøkkel i dag er 45 % idrett, 35 % musikk, lag for funksjonshemma får 10 000 og diverse lag får resteande sum. Det kom forslag om å:

- Fordele like mykje til idrett som til musikk.
- Fjerne fordelingsnøkkel og gje ut frå aktivitet, budsjett og medlemstal.
- Ha same nøkkel som i dag.
- Justere undervegs. Ha ein fordelingsnøkkel som ligg til grunn, men sjå på søknadene og lage fordelingsnøkkel ut frå innkomande søknader.

Kva fristar bør me ha?

Når frist er 1. september kjem gjerne utbetalinga i seinaste laget. Gjerne 1. mars.

Fristen bør vere absolutt. Det skal vere unødvendig å purre på laga om å søke etter fristen.

Det var ingen spesielle ønskjer om å samle søknader om tilskot til andre aktiviteter/arrangement til ein bestemt dato. Det som var lettast å handtere for administrasjonen.

4. Informasjon frå ungdomskoordinatoren Katarina Birkeland Ungdomsråd

Det skal veljast nytt ungdomsråd til hausten. Lag og organisasjonar vert invitert til å melda inn forslag til kandidatar for aldersgruppa 16-19 år. Kandidatar som er i ungdomskulealder vert valt i klassane. Katarina håper at laga sjekkar ut aktuelle kandidatar og sender inn forslag til ho.

Ungdomsrådet har midlar som lag og organisasjonar kan søkje på

Radøy kommune fekk 250 000 i premie då dei vart kåra til årets barne-og ungdomskommune. Ungdomsrådet fordelte midlane i møtet i januar og har beslutta å setje av 100 000 i tilskot som lag og organisasjonar kan søkje på. For meir informasjon og søknadsskjema, sjå <http://goo.gl/867MSR>

Frist for å søkje er 20. mars

Ref. Lin Tove Thomassen

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Retningslinjer for bruk av investeringsmidlar til turstiar
brukarretteiing lag og organisasjonar

Mottakarar:

Manger grunneigarlag			
Manger Helselag	Bjørg Tveiten Skiftesvik	5936	MANGER
Manger Idrettslag	Odd Helge Hagen	5931	MANGER
Manger indremisjon	Hellandsvegen 269	5936	MANGER
Manger In-Puls - Manger Bedehus	Elna Bauge	5936	MANGER
Manger kvinne og familielag	Mangersnesvegen 56	5936	MANGER
Manger Musikklag	Nils-Arne Træland	5931	MANGER
Manger Old Star Brass v/Vigdis Villanger		5937	BØVÅGEN

Mottakarar:

Manger Skulemusikklag	Postboks 50	5931	MANGER
Manger Ungdomslag	Jan Tore Hvidsten	5931	MANGER
Marøy grendalag v/Snorre Marøy		5937	BØVÅGEN
Marås 4H	Björg Konglevoll Lunde	5938	SÆBØVÅGEN
Marås Grendalag v/Terje Halland	Lervikvegen 30	5936	MANGER
Menigheten Filadelfia Manger			
Mental Helse Radøy/Austrheim	Wenche Frantzen	5936	MANGER
Naturvernforbundet i Nordhordland v/Jan Nordø		5943	AUSTRHEIM
Nedre Storheim/Kalnes Bygdelag	Grethe Storheim	5938	SÆBØVÅGEN
Nordanger Gardsmuseum	Johannes Birkeland	5939	SLETTA
Nordanger Grendahus	Nedre Soltveit 56	5939	SLETTA
Nordanger Indremisjon	Hogne Straume	5939	SLETTA
Nordhordland Husflidslag v/Arild Hagenes	Postboks 42	5936	MANGER
Nordhordland Jakt og Fiske v/Oddmund Solbakken		5903	ISDALSTØ
Nordhordland lag av hørselhemmedes landsforbund v/Rune Eikeland		5918	FREKHAUG
Nordhordland seilforening			
Nordhordland Turlag	Vibeke Døsvik Haukeland		
Olsvoll Bedehus	Else Marie Dale	5938	SÆBØVÅGEN
Pinsemenigheten Betel	Olav Martinsen	5939	SLETTA
Radøy Bondelag	Bjørnar Floen	5939	SLETTA
Radøy brass			
Radøy damekor			
Radøy Hestesportklubb v/Kari Kvammen	Toskavegen 492	5936	MANGER
Radøy Idrettslag	Olav Steinar Namtvedt	5939	SLETTA
Radøy Idrettsråd	Bjørn Ove Myking	5937	BØVÅGEN
Radøy Kunst Senter	Roger Gjerstad	5937	BØVÅGEN
Radøy lag for funksjonshemma	Marlen R. Rikstad	5936	MANGER
Radøy Lag LHL	Berit Kvalvik	5936	MANGER
Radøy Motorsamling	Guttorm Storheim	5938	SÆBØVÅGEN
Radøy musikkråd			
Radøy mållag			
Radøy Old Boys			
Radøy Pensjonistlag	Arne Villanger	5937	BØVÅGEN
Radøy Revmatikarlag	Berly Hella	5936	MANGER
Radøy Sauesalslag	Kåre Hole	5938	SÆBØVÅGEN
Radøy Skyttarlag v/Kornelius Manger	Radøyvegen 1737	5936	MANGER

Mottakarar:

Radøy Sogelag v/Einar Borgund	Einar Borgund	5936	MANGER
Radøy sportsskyttarlag v/Kornelius Manger	Radøyvegen 1737	5936	MANGER
Radøy Symjeklubb			
Radøy sør grunneigarlag			
Radøy/ Manger Fotballklubb	Arne Askeland	5931	MANGER
Rikstad Bedehus	Jolaug Hellesund	5937	BØVÅGEN
Risnes Grendalag	Tore Villanger	5937	BØVÅGEN
Risnes grunneigarlag			
Rockeverkstaden Radøy ungdomsskule	Bjørn H Bendiksen	5936	MANGER
Rufy - Fritidsgruppa	Gro Borgund	5936	MANGER
Seilfaldet velforening			
Sletta Bygdelag	Kåre Stang	5939	SLETTA
Songlaget Alvidt/Manger	Rigmor	5914	ISDALSTØ
	Korneliussen		
Storhaugstova v/Mariann Lie	Toska	5936	MANGER
Drivenes			
Strileknekten B.L	Rune Tjore	5938	SÆBØVÅGEN
Sæbø Barnekor	Heidi	5938	SÆBØVÅGEN
	Marås/Irmelin		
	Hordvik		
Sæbø Skulemusikklag		5938	SÆBØVÅGEN
Sæbø Ungdomslag	Øystein Marås	5938	SÆBØVÅGEN
Sætre Grendalag	Gerd Helen Bøe	5936	MANGER
Tjorehagen			
Vestnorsk utvandringssenter			
Vetås Bygdelag v/Arvid Storheim		5938	SÆBØVÅGEN
Vågenes Bedehus "Soar"	Kåre Vågenes	5936	MANGER
Bergen og omegn modellbilkubb	Stig Reitan		
Betel Søndagskule	Arvid Valdersnes	5939	SLETTA
Dale grendahus			
Halland, Sævdal og Lauvåsen vel v/Monica Grindheim	Sævdalsvegen 4	5936	MANGER
Hella bedehus	Steinar Vågenes	5936	MANGER
Hordabø barnekantori	Sølvi Kvalheim	5937	BØVÅGEN
	Mjøs		
Hordabø Idrettslag v/Frode Myking	Radøyvegen 2975	5937	BØVÅGEN
Hordabø Mini- og barnekantori	Sølvi Helen	5937	BØVÅGEN
	Kvalheim Mjøs		
Hordabø skulemusikklag			
Hordabø ungdomslag			
Keipane Kystlag			
Knappen båtlag			
Kolstad krinslag			
Kristen Idrettskontakt -KRIK	Heidi Soltvedt		
Kyrhovden velforening			

Mottakarar:
Manger Bygdelag

Odd Matre

5936

MANGER